

[Vitengarden]: ► **PRØV UT "KULE EKSPERIMENTER" PÅ VITENGARDEN**

I vinterferien, 19. – 23. februar, får publikum på Vitengarden sjanse til å testa ut fleire spennende eksperiment frå boka "Kule eksperiment". Eksperimentboka, som er sponsa av Norsk Hydro, har over 100 oppskrifter, og er til sals ved dei seks regionale vitensentraene i Norge. Dette er ei aktivitetsbok som kan inspirera både den eine og den andre i lang tid framover. "Kule eksperiment" vender seg til forsøkslystne i alle aldrar. Eksperimenta kan du gjera sjølv med ting du vanlegvis har heime. Boka har gode forklaringar steg for steg, og har oversiktlege, fargerike illustrasjonar. Så enkelt at sjølv far får det til...

[Vitengarden]: ► **4H-INSTRUKTØRER BLIR KURSA PÅ VITENGARDEN**

Søndag 7. januar deltok 55 4H-instruktørar frå Rogaland på kurset "Mat i friluft". Vergudane hadde åpna slusene denne dagen, men det var ingen hindring for friske og freidige 4H-arar. I regnet vart det laga 5 ulike matrettar på bål. På menyen var det blant anna: Omelett i konvolutt - kvifor brenn ikkje konvolutten?, Dadlar i bacon, Appelsinmuffins og pannekakeskive.

**MUSEUMSFORMIDLING**

er namnet på eit studie som Høgskulen i Oslo tilbyr. Det er eit deltidsstudie som

går over fire semester og gjev til saman 60 studiepoeng. Slik er det eit kjempe-tilbod både for dei som arbeider i museum allereie og til dei som kan tenkja seg eit slikt arbeid. Det er praktisk tilrettelagt med tre konsentrerte vekesamlingar og avsluttande prøve for kvart semester.

Kvart semester har eit tema: Museum og samfunn, målgruppene, formidlaren og utstillingsarbeid. Alt dette går direkte på det som me museumsfolk møter i arbeidet vårt.

Eg var så heldig å få starta opp i haust på første modul og er nå så vidt i gang med den neste. Og det har vore veldig bra. Merethe Frøyland frå ABMU og Kirsten Røvig Håberg frå HiO står for det faglege innhaldet. Dei er dyktige og engasjerte og har lagt opp til varierte, intense og innholdsrike samlingar. Dagane vekslar mellom klasseromsundervisning, der dei trekkjer inn folk med ulik kompetanse, og besøk rundt i institusjonar.

Studentane er og ei spanande gruppe. Her er blanding av ungdommar som er midt i utdanning og godt vaksne folk med mange og varierte erfaringar. Det er utruleg lærerikt å vera i denne gruppa, diskutera og høyra kva som er på gang rundt i museumsnoeg. Alle er interesserte i formidling så det kan til tider vera vanskeleg å begrensa diskusjonane! Neste samling som skal vera i veke ti er lagt opp som studietur. Då skal me

ha utgangspunkt i Stavanger og besøka museum i dette området. Mellom anna gleder dei seg veldig til å sjå Jærmuseet med både Vitengarden og Vitenfabrikken, Utstein Kloster, Dalane Folkemuseum, Ryfylkemuseet, Stavanger Museum, AMS med fleire.

Til neste vår er det og lagt inn ein studietur. Det er då tenkt å reisa litt lenger - til København kanskje?

Dette er verkeleg til å anbefala for andre som vil ta meir utdanning. Det er praktisk, nyttig og heilt tilpassa arbeid i museum. Og ikkje minst er det inspirerende og gildt.

mvh Ingeborg Nærland Skjærpe

«Det går alltid lett i unnabakke, det er når du klatrar du må slita..»

[Vitenfabrikken]: ► **KULTURMINISTEREN BESØKER VITENFABRIKKEN**

8. januar fekk Vitenfabrikken besøk av kulturminister Trond Giske og politisk rådgjevar Trine Synøve Lie Larsen. Her fekk dei presentert planane for både byggeprosjektet og utstillingsprosjektet Abels skissebok. Ein fornøgd statsråd viste og at han beherskar matematiske utfordringar. Her løyser han Pytagoras puslespel under ivrig oppmuntring frå

Åpningstider i vinterferien:  
man-fre: 10-15  
Laur:stengt  
Søn: 12-17



"Mat i friluft"



Trond Giske løyser Pytagoras puslespel



avdelingsleiar Gro Persson og styreleiar Martha J. Ulvund.

[Vitengarden]: ► **RESTAURERINGSSEMINAR PÅ AUDAMOTLAND**

26. januar deltok 27 personar på seminaret "Restaurering av museumsanlegg." Målgruppa for seminaret var musea i Rogaland, eigarkommunane i Jærmuseet, offentlege forvaltningsinstansar, arkitekter og handverkarar. Problemstillingar som blei drøfta var: Kva krav bør ein setja til restaurering av freda og verneverdige



Espen Marthinsen har eit "minikurs" i muring for kursdeltakarane.

bygningar? Skal krava vera dei same som overfor tilsvarande bygningar i privat eige? Kva rolle bør musea ha når det gjeld å formidla kompetanse innan vedlikehald og restaurering av bygningar? Antikvar Grete Holmboe orienterte om restaurering ved Ryfylkemuseet og Steinar Moldal frå senter for Bygdekultur på Dovre fortalde om prosedyrar for kvalitetssikring i restaureringsarbeid. Førstekonservator Terje Planke presenterte Jærtunet ved Norsk Folkemuseum og problemstillingar knytta til restaureringa der. Frå Jærmuseet orienterte Knut G. Austad, Olav M. Bråtveit og Målfrid Snørteland om historia og restaureringsplanar på Audamotland. På Audamotland

\*Kva skjer? 03: JANUAR 2007

Ansvarleg redaktør: Målfrid Snørteland  
Innspel kan sendast til: post@jaermuseet.no

Designmat: unniform



Restaureringsseminar på Audamotland

fortalde Espen Marthinsen om muring av skuten og seminardeltakarane fekk studera tunet og restaureringsarbeidet her.

[Vitengarden]: ► **MURING AV STEINVEGG PÅ AUDAMOTLAND**

I januar 2007 starta arbeidet med oppbygging av den gamle skuten i søre enden av heimehuset. Arbeidet med steinmur pågår og er venta ferdig i februar. Arbeidsleiar er Espen Marthinsen. Han har vore stipendiat i NHU (Norsk Handverksutvikling) og har gode føresetnader for arbeid med museumsanlegg. Me kjenner oss derfor trygge sjølv om me har hyra inn ein "austmann" til jærsk steinarbeid! Olav Ødemotland si skildring av skuten, var den einaste kjelda me hadde i starten. I 1992 fortalde han at den gamle skuten var mykje smalare, hadde torvtak og steinvegg. Det var ikkje noko fin stein som var brukt, men "kultesteidn". Seinhaustes 2006 fekk me sjå gamle bilete frå hagen på Audamotland som me ikkje hadde sett før. . Desse gav meir informasjon om skuten og støtta opp under museet sine restaureringsplanar. Stein til muren er henta i nærleiken, slik det ville vera naturleg for dei som laga originalmuren. Muren er forma etter spor, utsegner og bilete. Det er planlagt torv på taket. Dette heng i hop med andre val som er tekne for heimehuset der me syner huset si utvikling over lengre tid. Andre skutar med slektskap i breidde

og form finn me i Lendestova og dels i Garborgheimen.

Ved fleire høve ser me at renovering av bygningar og murar endrar huset sin karakter, ofte som fylgje av at handverkaren vil forbetra element eller henta inn betre, eventuelt standardiserte materialar. Om ein har gode kjelder i personar, skrifter eller bilete, er det eit godt tips å halda seg strengt til dette, heller enn å leggja inn det ein sjølv tykkjer er fint, godt eller "skikkeleg"

**Vitenfabrikkens Venner**

Årsmøte 27.02. kl. 19, Abelloftet

Program:

Årsmøtesaker:

Avdelingsleiar Gro Persson orienterer om framdrifta i byggeprosjektet Vitenfabrikken.

Alle er velkomne

**LYST TIL Å GJERA EIN INNSATS FOR JÆRMUSEET?**

Då kan du m.a. melda deg inn ei eitt av vennelaga våre.

Vennelaget for Jærmuseet Vitengarden: kontakt Svein Inge Årrestad tlf 51 43 31 33, mobiltlf. 908 87 828

Eller Vennelaget for Vitenfabrikken, kontakt Torbjørg Sægrov tlf 51 66 12 71, mobiltlf. 975 17 779